

Innkomne merknader i forbindelse med 1. gongs offentleg ettersyn.

Merknadar som gjeld Hustadvika kommune

Merknadar som gjeld Aukra kommune

Hvem	Merknad	Motsegn	Kommunens svar
Statsforvaltaren (SF) 1	Motsegn til konsekvensutgreiinga	Motsegn	Kommunane har revidert konsekvensutgreiinga slik at den også tek for seg samla belastning på dei tre akvakulturlokalitetane i Julsundet.
SF 2	Aukra og Hustadvika kommunar har forslag om framtidig forbod av taretråling i føresegnområda #1 Gossa-sørvest og #2 Stemma. Vi rår til at ordet framtidig takast ut av sjølve føresegnteksta. Årsaka er at retningslina til § 9.1 gjer tilstrekkeleg greie for når føresegna vil gjelde.		Tas ikkje til følgje. Sjå merknad 12 frå Fiskeridirektoratet.
SF 3	I kartet er område #1 Gossa-sørvest og #2 Stemma også merka som omsynssone naturmiljø H560. Til H560 er det knytt ei ikkje-juridisk retningsline. Retningslina er generell og kan med fordel bli meir konkret slik at den blir eit betre verktøy å styre etter.		Kommunane har felles føresegner for H560 områder i plana. Føresegna er revidert. Tas delvis til følgje.
SF 4	Tabellen i planomtalen (om kjente natur- og miljøverdiar) bør vise kva raudlistekategori artane har. Naturbase og Artsdatabanken bør synast som kjelde for kunnskap.		Tas til følgje.
SF 5	Planomtalen viser til lokal kunnskap om kva verknad taretråling kan ha på naturmangfaldet. I		Tas til orientering.

	<p>planomtalen kan det med fordel visast til kor lokal kunnskap er henta.</p> <p>I tillegg blir det vist til at lokalkunnskap blir støtta frå fleire marinbiologiske fagmiljø og Havforskningsinstituttet (HI). Det er vist til artiklar frå HI m.fl. i planomtalen. Vi rår til at kommunane i større grad drar ut kunnskap frå fagrappartane det er vist til for å underbygge eige val av føresegnsområde.</p> <p>Kommunane gjer greie for at området også blir nytta til friluftsliv. Størstedelen av #1 Gossa-sørvest og #2 Stemma inngår i eit svært viktig friluftsområde Smågeholmane, jf. Miljødirektoratets rettleiar M-98-2013. Kjelde til verdsetting av friluftsinteressene bør gå fram av planomtalen pkt. 5.3.1. Dei to områda har antakeleg ulike natur- og friluftsverdiar og kan kanskje skildrast kvar for seg?</p> <p>Kommunen har påpeika at området er viktig område for natur- og friluftslivet. Kva verknader kan taretråling ha på til dømes dykking, snorkling, hobbyfiske og fugl på Gossa-sørvest og Stemma, og kvifor er det viktig å behalde nettopp desse areala fri for taretråling?</p>		
SF 6	Kommunen har omtala eigne føresegnsområde som referanseområde. Vi		Tas til følgje

	rår klart til at omgrepet referanseområde ikke blir nytta i samanheng med kommunen sine føresegnsområde. Årsaka er at referanseområde er omgrep nytta i Forskrift om taretråling, og må ikke forveklast.		
SF 7	Plandokument (planomtale og føresegner) inneholder ingen opplisting over områda med omsynssone naturmiljø. Planen treng å bli oppdatert med ei slik oversikt skal plana bli eit godt forvaltningsverktøy for kommunane.		Det er lagt til ein generell forklaring av omsynssona i planomtalens, det er ikkje lagt til ei liste over kvar einskild område. Tas ikkje til følgje.
SF 8	Motsegn knytt til manglende vurdering av naturmangfold - Riksfordleira (BSV4 og H1). Det er registrert fleire artar av nasjonal forvaltningsinteresse. Innafor område BSV opnar planen for å vurdere hamn, kai, molo og utdjuping av farlei gjennom reguleringsplan, i tillegg til legging av leidingar og utsleppspunkt i området. Potensielt kan det dermed gjerast inngrep og tiltak som gjer skade på nasjonalt viktig naturmangfold.	Motsegn	BSV-området ved Riksfordleira har fått omsynssone H560. Tas til følgje.
SF 9	Halsabukta (BSV3) - Aukra Halsabukta er delvis utbygd som småbåthamn. Her er det registrert ei ålegraseng (NaturbaseID BM00119123). Ålegrasenger har høg primærproduksjon og er viktige oppvekstområde for fisk og		Tas til følgje

	som næringssøksområde for fugl. Vi rår til at undervassenger av ålegras vert vist i planen som omsynssone naturmiljø (H560).		
SF 10	Motsegn knytt til manglende vurdering av naturmangfold – Småholman og Aukraholman (FI_3 og BSV8). Område med stortare som er viktige økologiske funksjonsområde for trua sjøfugl, må visast i planen med hensynssone H560. Hekkeholmar for grågås er viktige friområde for gåsa, og dette omsynet må gå fram av retningslinene til omsynssona.	Motsegn	Tas til følgje.
SF 11	Lauvvika med Kalvskjæra, Sporsemholmane og Flatholmane (BSV_8 og H_2). Området består av naturtypen blautbotnsområde i strandsona (BM00118976) med naturtypane strandeng og strandsump (BN00081796), sandstrender med tangvollar (BN00081797), strandberg og hei ved land. Her er ein artsrik havstrandvegetasjon med særleg fint utforma saltenger. Dei store mudderflatene vert blottlagde ved fjøre sjø og har økologisk funksjon som næringssøksområde og overvintringsområde for	Motsegn	Det er blitt lagt inn omsynssone H560 og H530 i Løvika. Tas til følgje

	vassfugl (BA00061752). På holmane hekkar ærfugl (VU), silender, raudnebbterne, svartbak (ansvarsart) og grågås. Sporsheimelva renn ut i bukta, og er eit vassdrag der det tidlegare gjekk opp sjøaure. Innafor område BSV opnar planen for å vurdere hamn, kai, molo og utdjuping av farlei gjennom reguleringsplan, i tillegg til legging av leidingar og utsleppspunkt i området. Potensielt kan det dermed gjerast inngrep og tiltak som gjer skade på nasjonalt viktig naturmangfald. Vi har motsegn til naturmangfaldsverdiane er tilstrekkeleg varetatt i planen.		
SF 12	Aureosen (BSV6 og FI_1) – Hustadvika. Har bandleggingssone H720 naturvern. Sidan vernet ikkje gir beskyttelse av leveområda til artane som vernet skal vareta, rår vi til at ein fastset føresegner til omsynssona som vernar om livsmiljøet til artane. Brakkvassdeltaet i Aureosen har noko undervassenger og strandenger med salturt. Her er store tidevassareal som er viktige beiteområde for vassfugl. Innafor område BSV opnar planen for å vurdere hamn, kai, molo og utdjuping av farlei gjennom reguleringsplan, i tillegg til legging av	Motsegn	Kommunen avsett dyrefredningsområdet til naturformål i plana. Tas til følgje

	leidningar og utsleppspunkt i området. Potensielt kan det dermed gjerast inngrep og tiltak som gjer skade på nasjonalt viktig naturmangfald. Vi har motsegn til naturmangfaldsverdiane er tilstrekkeleg varetatt i planen.		
SF 13	Einsetvågen (AKV_2) – Hustadvika. Foreslått akvakulturanlegg i sjø for oppdrett av tunikatar ved Lianeset-Kjølhammaren tangerer grensa til Einsetvågen/Nåsvatnet dyrefredingsområde. Føremålet med vernet er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv. Konsekvensane av å legge eit oppdrettsanlegg like utanfor verneområdet er ikkje greidd ut i planen, men er føresett utgreidd i samband med prosessen med lokalitetsavklaring etter akvakulturlova. Dette er ikkje i tråd med krava til utgreiing av verknadene for naturmangfaldet etter naturmangfaldlova kapittel II. Vi viser også særskilt til naturmangfaldlova § 49: Einsetvågen har nasjonale verdiar knytt til fuglelivet, og vi rår sterkt frå at ein legg opp til eit arealbeslag som foreslått i planen i vernegrensa.		Akvakultur er trekt ut av munningsfredingssonen. Tas til følgje
SF 14	Ytre Hoemsvågen (FI_1) – Hustadvika. Vi rår til at ein vurderer å vise Ytre Hoemsvågen, som naturområde eller med omsynssone naturmiljø		Det er lagt på omsynssone H560 i området. Tas til følgje

	H560. Vågen her har viktige naturverdiar og biologisk mangfald av nasjonal forvaltningsinteresse.		
SF 15	Askevågen – Hustadvika. Vi rår til at vågen vert vist i planen som naturområde og/eller i kombinasjon med omsynssone naturmiljø (H560) med omsyn til fuglelivet og landskap.		Det er lagt på omsynssone H560 i området. Tas til følgje
SF 16	Vestadvågen og Gulvågen (BSV13) – Hustadvika. Vestadleira og Gulvågen er eit viktig raste- næringssøks- og hekkeområde for ender, vadefugl, måsefugl og alkefuglar. typekartlagt etter DN-håndbok 13 som den raudlista naturtypen strandeng og strandsump (VU). Lokaliteten har fleire regionalt uvanlege artar og vegetasjonstypar. Holmane utanfor Gulvågen er hekkeområde for raudlista ærfugl (VU). Vestadleira og Guleleira bør visast som omsynssone naturmangfold H560 eller som naturområde. Vi har motsegn til naturmangfaldsverdiane er tilstrekkeleg varetatt i planen.	Motsegn	Guleleira og Vestadvågen er vist med omsynssone H560. Tas til følgje
SF 17	Malmeleira (BSV6) – Hustadvika. Brakkvatnsdeltaet er rimeleg intakt, og bør oppretthaldast for å vareta sin sentrale økologiske funksjon for fleire artar. Vi rår til at brakkvassdeltaet vert vist som naturområde i planen.		Malmeleira blir vist med omsynssone H560. Tas delvis til følgje

SF 18	<p>Forøya i Frænfjorden – Hustadvika.</p> <p>Ankringsområde ANK_1 ved Forøya i Frænfjorden ligg tett på område som truleg vert nytta av hekkande sjøfugl. Å legge opp til ny, støyande arealbruk tett på antatt hekkeplass utan at ein har tilstrekkeleg kunnskap om konsekvensane er uheldig ut frå førevar-prinsippet, og kan vere i strid med dei nasjonale miljømåla for artar og internasjonale forpliktingar om å stoppe tapet av biologisk mangfald og målet om å betre bestandssituasjonen til trua og nær trua artar. Vi har motsegn til at det vert lagt ut ankringsområde ANK_1 ved Forøya, og viser til at det i planen er avsett areal for anking i to område lengre ut i fjorden</p>	Motsegn	<p>ANK_1 i plankart er ikkje lengre innanfor omsynssona slik det vart diskutert på møte med SF 03.juli 2024.</p> <p>Tas til følgje</p>
SF 19	<p>Vi stiller spørsmålsteikn ved kvifor ein ikkje har synleggjort og gjort plangrep for dei større korallførekomstane og svampsamfunna som finns frå Julsundet og ut til Harøyfjorden (sjå Artskart). Her er fleire oppdrettslokalitetar i fjorden som er foreslått utvida, og der utslepp av partiklar frå anlegga kan påverke korallar negativt.</p>		<p>Aukra og Hustadvika kommunar har gjort ein samla vurdering på dei tre akvakulturanlegga i Julsundet. I den forbindelse er dette vurdert.</p> <p>Tas til følgje</p>
SF 20	Kråknes i Aukra: Konsekvensutgreiinga ikkje har gjort ei konkret vurdering av	Motsegn	Det er lagt til eit punkt om samla belastning samt belastning på svamp og korallforekomster i KU.

	<p>konsekvensane av utviding av arealet for anlegget vil få for korallførekomstane. Det er heller ikkje gjort ei vurdering av samla belastning av anlegga Kråknes, Storvika og Aukrasanden for naturmangfaldet etter naturmangfaldlova § 10.</p> <p>Vår vurdering er at ei utviding av anlegget vil føre til større samla belastning på nær trua marine artar og naturtypar med stor miljøskade som konsekvens. Vi har motsegn til AKV_4 inntil det er lagt føringar i planen for vidare utgreiing av konsekvensane (konsekvensutgreiing) ei utviding av anlegget med auka biomasse vil få for koralldyr og svampsamfunn i fjorden. Motsegna gjeld også delar av VKA_5 som opnar for fortøyningar som kan skade korallførekomstane.</p>		<p>Resultatet av dei nye vurderingane er at tiltaket anbefales ikkje.</p> <p>Tas til følgje</p>
SF 21	<p>Areal for utviding av anlegg for oppdrett av laksefisk i Storvika (AKV_9) er planlagt innafor område med kjente førekomstar av korallar.</p> <p>Konsekvensutgreiinga til sjøarealplanen konkluderer med liten negativ konsekvens for arten sjøtre og positiv konsekvens for naturtypar. Vi registrerer at konsekvensutgreiinga ikkje har gjort ei konkret vurdering av</p>	Motsegn	<p>Det er lagt til eit punkt om samla belastning samt belastning på svamp og korallforekomster i KU. AKV_9 skal snevres inn til dagens tillatelse.</p> <p>Tas til følgje</p>

	<p>konsekvensane av utviding av arealet for anlegget vil få for dette naturmangfaldet. Det er heller ikkje gjort ei vurdering av samla belastning av anlegga Storvika, Kråknes og Aukrasanden for naturmangfaldet etter naturmangfaldlova § 10. Vår vurdering er at ei utviding av anlegget vil føre til større samla belastning på nær trua marine artar og naturtypar med stor miljøskade som konsekvens. Vi har derfor motsegn til AKV_9 og delar av VK5 som opnar for fortøyinger som kan skade korallførekomstane.</p>		
SF 22	<p>Tare og tunikatdyrkning: Fleire av produksjonsområda er lagt til areal der det ifølge registreringar i Naturbase er sannsyn for naturleg tareskog på botnen.</p> <p>I planomtalen pkt. 5.6.1 er det vurdert kva verknadar tare- og tunikatdyrkning kan ha på marint miljø.</p> <p>Vi saknar visning til kjelder som kan understøtte teksta, og rår til at det blir tatt inn.</p>		Tas til orientering.
SF 23	<p>Det blir lagt til rette for taredyrking i planområdet, og enkelte stader er taredyrking lagt i område med sannsyn for naturleg tare på botn. Område for taredyrking AKV 12, 13 og 14 (tiltak 2, 3 og 4 i KU) ligg relativt samla og</p>		<p>Kommunane har valt å ta ut AKV_12 frå sjøarealplanen.</p> <p>Tas til følgje</p>

	like nord for Orta. Saman kan dei danne ei større flate. AKV 12 og 13 ligg i område med svært viktig tareskog. I KU går det fram at tiltaka vil ha liten negativ konsekvens for naturmangfaldet. Korleis KU har kome til denne konklusjonen er ikkje mogleg å etterprøve. Vi viser difor til at førevar-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 må vurderast her, og område AKV12 og delvis AKV13 bør vurderast tatt ut av planforslaget.		
SF 24	Fire holmar ved Skutholmen og holmar i Stolpeleia (NaturbaseID BN00068536) er vist i planen som LNF-område. Dette er holmar med kystlynghei, og som er utvald naturtype (UN) etter naturmangfaldlova § 52. Kystlyngheia i desse områda skal verte forvalta slik at ein ikkje skadar eller forringar den økologiske tilstanden. Vi rår til at ein viser desse lokalitetane som omsynssone vern av naturmiljø (H560) med tilhøyrande planretningsliner for bruk og vern som fremjar verdien til naturtypen.		Tas til følgje
SF 25	Dei to kommunane har bestandar av hjortevilt som trekker over fjordsistema. Informasjon om viktige trekkruuter for rådyr og hjort under sesongtrekket (til og frå vinter- og sommarbeita)		Tas til følgje

	<p>er tilgjengeleg i GisLink. Her bør ein i tillegg nytte seg av nyare/oppdatert kunnskap frå lokal Side: 11/15 viltforvaltning.</p> <p>Kommunen har gjennom si arealplanlegging eit ansvar for å sikre arealbehova også for lokale viltbestandar. Vi ber om at ein viser dei viktigaste trekkrutene i plankartet</p>		
SF 26	<p>Akvakulturområde AKV_6 er ei utviding av eksisterande anlegg ved Aukrasanden, der utvidinga ligg innafor registrert vilttrekk for hjort mellom Aukrasanden og Jendemsbukta. Utviding av anlegget ved Aukrasanden mot nordaust vil dermed kome i direkte konflikt med hjorten sin arealbruk gjennom året. Konsekvensar for dette vilttrekket er ikkje handsama i konsekvensutgreiinga.</p> <p>Tilsvarande kan tunikatproduksjon i sjø (AKV_2) legge beslag på areal som vert nytta av hjort under trekket mellom Lianeset i Hustadvika kommune og Rånestangen i Averøy kommune. Heller ikkje dette vilttrekket er vurdert i samband med konsekvensutgreiinga av den nye lokaliteten.</p> <p>Kommunen må gjere greie for verdien av desse vilttrekka og</p>	<p>AKV_6 og AKV_2 si påvirkning på hjortevilt er tatt med i KU.</p> <p>Tas til følgje</p>	

	avgrense areal for oppdrettsanlegg slik at det ikke er til hinder for trekket		
SF 27	<p>I planomtalen pkt. 7.4 står at planforslaget har registrert kartlagde friluftsområde som omsynssoner.</p> <p>Vi kan ikke sjå at det er tilfelle i kartet, og rår til at plankartet blir oppdatert.</p> <p>I Aukra kommune bør minimum område som er registrert som svært viktig friluftslivområde synast som omsynssone i kartet, og med retningsline som skildrar kva verdiar som skal takast omsyn til i sonene. Vi har motsegn til dette er gjort.</p>	Motsegn	<p>I nytt forslag har vi brukt kombinasjonsformålet FI/FRI på deler av Aukra. I tillegg er det laga eige temakart for svært viktige friluftsområder.</p> <p>Tas til følgje.</p>
SF 28	Ankringsområde ANK_1 ved Forøya vil i periodar medføre støy og legge beslag på friluftsområde i sjø. Vi rår til at sjøområda i Frænfjorden vert vist i planen som friluftlivsområde, gjerne i kombinasjon med fiske. Inntil friluftslivsinteressene i Frænfjorden er betre sikra i planen har vi motsegn til planen og ankringsområdet ANK_1 ved Forøya.	Motsegn	<p>Ankringsområdet ved Forøya er redusert slik at det ikke inngår i omsynssone H570 slik som diskutert i møte med SF 03.07.24.</p> <p>Tas til følgje.</p>
SF 29	Konsekvensutgreiinga manglar vurdering for ein del laksebestandar i Hustadvika kommune og lengre inn i Romsdalsfjorden, som nyttar vandringsruta gjennom Julsundet og Harøyfjorden. Vi har	Motsegn	<p>Konsekvensar for vandringsrute er oppdatert i KU.</p> <p>Tas til følgje.</p>

	motsegn til manglande vurderingar i konsekvensutgreiinga knytt til vandringsruta.		
SF 30	<p>I tillegg manglar det vurderingar knytt til rømming og infeksjonar knytt til fiskeoppdrett for alle bestandar og vandringsruter.</p> <p>Konsekvensutgreiinga for akvakulturlokalitetar bør vurdere verknaden på vassdrag med anadrom fisk i ein avstand på 60 km frå tiltaket.</p> <p>Vi har motsegn til manglar i vurderinga av konsekvensane plana kan ha på vill anadrom laksefisk.</p>	Motsegn	<p>Det er gjort ei vurdering av kva for påverknad rømming og infeksjonar vil ha på anadrom fisk i Julsundet.</p> <p>Tas til følgje.</p>
SF 31	<p><i>AKV_6 Aukrasanden:</i> Her skjer ei vesentleg utviding, nesten dobling. Vandlingsruta til mange laksebestandar går forbi AKV_6. Det er ikkje gjort tilstrekkelege vurderingar knytt til anadrom fisk.</p> <p>Ståande biomasse i anlegget under smoltutvandringsperiode n vil truleg påverke overleving til laksesmolt betydeleg, og elles i året ha negativ påverknad på lokale sjøaurebestandar.</p>		<p>Jf. Merknad 29 og 30</p> <p>Tas til følgje.</p>
SF 32	<p><i>Akvakultur (AKV_12)</i> <i>Orholman</i> Nytt arealformål for eksisterande lokalitet ved Orholman. Det er ikkje gjort tilstrekkelege vurderingar knytt til anadrom fisk. Det er truleg vandringsrute for ein del laksebestander nær anlegget, og ståande biomasse i anlegget under</p>		<p>AKV_12 tas ut av planen.</p> <p>Om merknaden er meint for AKV_15 (Orholman), sjå merknad 29.</p> <p>Tas til følgje</p>

	smoltutvandringsperiode n vil truleg påverke overleving til laksesmolt. Elles i året vil det ha negativ påverknad på lokale sjøaurebestandar.		
SF 33	<p><i>Akvakultur (AKV_4)</i></p> <p>Kråknes Arealt for lokaliteten vesentleg utvida, dvs. nesten dobla. Areal for utviding av anlegg for oppdrett av laksefisk på Kråknes (AKV_14) er i eit smalt område av fjorden, der vandringsruta til mange laksebestandar går forbi. Det er ikkje gjort tilstrekkelege vurderingar knytt til anadrom fisk.</p> <p>Ståande biomasse i anlegget under smoltutvandringsperiode n vil truleg påverke overleving til laksesmolt betydeleg, og elles i året ha negativ påverknad på lokale sjøaurebestandar.</p> <p>Vi har motsegn sidan utvidinga opnar for auka biomasse.</p>	Motsegn	<p>Konsekvensar for vandringsrute er oppdatert i KU.</p> <p>Tas til følgje</p>
SF 34	<p>Områda som kjem i konflikt med munningsfredningssonene er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • FI_1 kjem i konflikt med fire munningsfredningssonene i Frænfjorden og Malmefjorden. • FI_2 kjem i konflikt med munningsfredningssone utafor Stadvikelva • FI_15 Kjem i konflikt med munningsfredningssone utafor Vedvangvågen 	Motsegn	<p>Fiske er trekt ut av munningsfredningssonene slik diskutert i møte med Statsforvaltaren 03.07.24. Ved AKV_2 er areal avsett til akvakultur allereie innsnevra til å ikkje kome i konflikt med munningsfredningssona.</p> <p>Tas til følgje</p>

	<ul style="list-style-type: none"> AKV_2 kjem i konflikt med og legg stort beslag på areal innanfor munningsfredningssone i Isingvågen 		
SF 35	Både det godkjente dumpingområdet og sjøbotnen i randområda som er og kan vere forureina skal visast som faresone «forureina grunn» og ha føresegner som hindrar at tiltak fører til at miljøgifter vert spreidd vidare i miljøet. Inntil dette lovkravet er varetatt i planen, jamfør plan- og bygningslova § 4-3, har vi motsegn til planen.	Motsegn	Forurensa område blir vist med H190 "Forureina grunn" etter kartlag sendt fra Statsforvaltaren. Tas til følgje
SF 36	Kommunane må vise til støyretningsline T-1442 i planføresegn § 4.2 a). Vi minner om at i plan- og bygesaker er det støyretningsline T-1442 som gjeld. Vi rår til at omgrepa <i>støyfølsam busetnad</i> og <i>støyfagleg utgreiing</i> blir nytta i føresegna, i og med at desse omgrepa er definert i T-1442.		Føresegnene er oppdatert. Tas til følgje
SF 37	Dei siste merknadene omhandlar føresegner i sjøarealplana.		Kommunane takkar for gode tilbakemeldingar, og har tatt ein gjennomgang av føresegnene. Tas til orientering

Møre og Romsdal fylkeskommune (MRF) 1	Fylkeskommunen har motsegn til planen på to punkt: manglende areal avsett til framtidig utvikling av akvakulturnæringa, jamfør merknader om taredyringsområde ovanfor.	Motsegn	Fiskeformålet (deler av FI_12) ved Krekvikbukta er tatt bort. FI_13 ved Kornstad er også tatt bort. Tas til følge.
---------------------------------------	---	----------------	---

	manglande fleksibilitet for eksisterande anlegg i Krekvikbukta og Kornstad.		
MRF 2	Konsekvensutgreiinga er her utført av NorConsult etter Miljødirektoratet sin rettleiar og Statens vegvesen si handbok V712. Vi er ikkje samd i bruken av konsekvensskalaen. Her har ein valt å samle kategoriane «liten negativ», «ingen» eller «positiv» til ein grøn kategori noko som kan føre med seg at ein ikkje i nok grad vurderer om det har ein negativ påverknad og føre til at ein trekk feil konklusjon.		Kommunane har lagt til nokon fleire vurderingar i KU knytta til samla belastning av naturmangfald. Kommunane. Vi håper at konsekvensane for denne naturen blir enda meir synleg no. Tas til orientering
MRF 3	Som følge av at kommunane ønsker å gå frå ein modell med store fleirbruksområde (inklusiv akvakultur) til mindre einbruksareal og avgrensa ikring, der det skal vere mogleg å legge ut fortøyinger (VK/VKA). Ein slik modell fører til mindre fleksibilitet i forhold til eventuelle endringar seinare, som kan vise seg nødvendige mellom anna av miljøomsyn.		Kommunane har gått for ein modell der ein har brukt fleire einbruksareal. Dette for å unngå ei stor belastning på eit område, samt at ein kan ha meir oversikt og over kva område ein vil nytta til kva. Tas ikkje til følgje
MRF 4	I Krekvikbukta i Kornstadfjorden har Nordic Halibut AS ein kveitelokalitet, som det er gitt innspel om. Innspelet er tilsynelatande teke omsyn til i planforslaget. Akvakulturområdet som er avsett rommar dagens anlegg med fortøyinger. Nordvest for det nye akvakulturområdet er det likevel foreslått ein trekant som inngår i fiskeområde FI_12. Dette fører til at det vanskeleg kan gjerast endringar på anlegget seinare. Møre og Romsdal	Motsegn	Sjå merknad MRF 1. Tas til følgje

	fylkeskommune ber om at det i dette området lagt til førsegn som opnar for fortøyinger. I motsett fall vil vi ha motsegn .		
MRF 5	Rett sør for lokaliteten Kornstad i Averøy kommune, ligg eit område i Hustadvika, som er omgjort til fiskeområde (FI_13). I gjeldande plan er dette området fleirbruksområde inklusiv akvakultur. Utfordringa er at alle angra til akvakulturanlegget på Kornstad mot SV blir liggande i det nye fiskeområdet, og det vil vere motstrid mellom planlagde aktivitetar og eksisterande verksemd. Vi har motsegn også på dette punktet	Motsegn	Sjå merknad MRF 1. Tas til følgje
MRF 6	Generelt meiner vi planforslaget er lite imøtekommende med siktet på framtidig utvikling og dels for eksisterande havbruksnæring. Samstundes blir det foreslått å sette av store areal til taredyrking. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at kommunane legg til rette også for taredyrking, men summen av områda i framlegget fra Hustadvika og Aukra, vil blokkere for all annan akvakulturetablering vil ikkje vere i tråd med nasjonale mål om vekst i havbruksnæringa, sjølv om planforslaget er gunstig for tare. Vi ber derfor om at nokre av dei føreslegne akvakulturområda til taredyrking blir opna også for anna akvakultur i planen. Vi har motsegn til planen inntil dette er gjort.	Motsegn	Kommunane rår over eigen arealbruk igjennom føresegne knytt til kommuneplanens arealdel i plan og bygningsloven. Kommunane skal likevel følgje statlege retningslinjar i arbeidet med kommuneplanen. Kommunane har opna opp for tolv nye område for dyrking av tare, og to nye område for generell akvakultur. Kommunane må no prøve å imøtekommne både fylkeskommunen og andre interesser. Dei statlege og

			<p>regionale planretningslinjer blir dermed lagt til grunn, utan at ein kan imøtekomme merknadane til myndighetane.</p> <p>Tas ikkje til følgje.</p>
MRF 7	Til sist oppmodar vi også om at kommunane vurderer Fauske og Bjørnsund-Trollholman på nyt, i lys av at konsesjonsbehandlinga vil måtte ta meir konkret stilling til miljøutfordringar, dersom det blir søkt konsesjon der.		Tas ikkje til følgje
MRF 8	Konsekvensutgreiinga må inkludere vurderingar av desse utfordringane knytt til utvandrande smolt og tilhøva for sjøauraen i ytre deler av Romsdalsfjorden. KU bør også innehalde vurderingar om miljømål i vassdraga etter vassforskrifta, og kvalitetsnorm for ville laksebestandar.		<p>KU er endra slik at utvandra smolt blir vurdert.</p> <p>Tas til følgje</p>
MRF 9	Det er viktig at planen i størst mogleg grad legg klare rammer for å ta vare på det biologiske mangfaldet knytt til sjøområda. Ålegrasenger, stortareskog, elveosar og korallførekomstar er eksempel på viktige naturområde som treng beskyttelse gjennom plan. Vi saknar her nærmare vurdering av kva verknader utvida areal for oppdrettsanlegg og oppankring kan ha på dei større korallførekomstane og svampsamfunna som finns frå Julsundet og ut til Harøyfjorden.		<p>Det er lagt inn eit punkt om korall og svampsamfunn i relevante tiltak i KU.</p> <p>Tas til følgje.</p>

MRF 10	Utviding av akvakulturløyver, auka biomasse eller løyve til ny akvakultur for fiskeartar kan føre til ein auke i organisk belastning. Derfor bør ikkje sjøarealplana legg opp til bruk av nye områder for oppdrett av fiskeartar i dette området, men kunn vise ei justering av dagens bruk og tillatne konsesjonar.		AKV_4 og AKV_5 er snevra inn slik at dei er i tråd med konsesjon. Tas til følgje.
MRF 11	Overvakinga bør gi ein meir heilskapleg oppdatering av tilstanden i vassførekomsten. Møre og Romsdal fylkeskommune vil derfor invitere inn Hustadvika kommune, Omya Hustadmarmor AS og Tine Meierier til et samarbeid om overvaking av vassførekomsten.		Hustadvika kommune er enig i dette, men at dette ikkje har ei direkte tilknytning til sjøarealplanen. Kommunane har lagt inn sikringssone i området. Tas til følgje.
MRF 12	Kvitholmen fyrtasjon (kulturminne id 87241) og Losstasjon på Teistklubben (id 87260) i Hustadvika er begge freda etter kulturminnelova. Eit område kring kulturminna er freda etter § 19 i lova. I tillegg til landarealet omfattar fredinga deler av sjøarealet kring øylene. I plankartet er dei to områda merka med omsynssone H_570. Før kommunen kan vedta plana må områda i tillegg merkast med omsynssone H_730 – bandlegging etter lov om kulturminne. « <i>Bud fiskevær og hamn</i> » har regional verneverdi i Regional delplan for kulturminne, som eit kystkulturmiljø, fiskevær og tettstad med røter frå mellomalderen. Plana vart vedteken i fylkestinget i juni 2015 etter tett dialog med kommunen. Hamneområdet		H730 er lagt til i plankartet i desse områda. Tas til følgje.

	i Bud har også status som verneverdig tett trehusområde hos Riksantikvaren. Vi kan ikke sjå at Vågen innafor moloen i Bud har fått omsynssone H_570, slik som andre kulturmiljø i Hustadvika. Vi ber om at omsynssona vert lagt inn før vedtak av plana.		
--	--	--	--

Fiskeridirektoratet (FDIR) 1	Planomtalen kunne vært kortere og mer leservennlig.		Tas til orientering
FDIR 2	Maritimt miljø I planforslaget er hensynsone naturmiljø H-560 benyttet over to store områder. Det er ett på sørvestsiden av Aukra kalt «Gossa sørvest» (H-560-1) på cirka 35 km ² , og ett på nordsiden av Hustadvika kalt «Stemma» (H-560-6) på rundt 6 km ² . Vi gjør for ordens skyld oppmerksom på at korallregistreringen ved Mørebanken også har betegnelsen H-560-1 i kartet til Aukra kommune. Det riktige for området kalt «Gossa sørvest» er sannsynligvis H560-6.		Kart er endret. Tas til følge
FDIR 3	Akvakultur I vår uttalelse til planprogrammet opplyste vi blant annet om at det i Hustadvika kommune er fem godkjente akvakulturlokaliteter i sjø. Vi gjør derfor oppmerksom på at avsatt område for lokalitet Ramsvikneset i planforslaget ikke er i samsvar med slik		Ramsvikneset blir endret slik at det er i tråd med dagens konsesjon. Tas til følge.

	arealavgrensingen til dagens tillatelse er gitt.		
FDIR 4	<p>Føresegner og retningslinjer</p> <p>I § 5.4 «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» bokstav e) punkt i. sies det at «Dyreliv knytt til sjøbotn og vassøyla og vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine planter, skal ikke utsetjast for skade og øydelegging.» Dette fremstår som svært generelt og uklart, og begrepene «skade» og «øydelegging» er ikke definert.</p> <p>Hva ligger i skade og ødelegge?</p> <p>Det er uklart for oss om bestemmelsen griper inn i reguleringer som omfattes av havressursloven.</p> <p>Likeså hvem som skal avgjøre og følge opp hva som potensielt medfører skade og ødelegging.</p> <p>Bestemmelsen fremstår som vanskelig å håndheve.</p>		<p>Bestemmelsen er fjernet fra BSV-formålet.</p> <p>Tas til følge.</p>
FDIR 5	<p>bestemmelsen i § 5.4, bokstav e) punkt ii. omhandler forholdet mellom plan- og bygningsloven og havressursloven.</p> <p>Bestemmelsen sier:</p> <p>«Tradisjonelt fiske og naturvern er sidestilt innafor området.</p> <p>Tradisjonelt fiske kan likevel påleggjast restriksjonar i samråd</p>		<p>Bestemmelsene er revidert.</p> <p>Tas til følge.</p>

	med fiskeristyresmakta.» Vi vil påpeke at regulering av fiske skjer med hjemmel i havressursloven. Slik regulering kan ikke hjemles i plan- og bygningsloven. Vi ber om at ordlyden i bestemmelsen blir endret til «Fiske og naturvern er sidestilte arealformål innenfor området»		
FDIR 6	§ 5.7 «Fiske – FI / LÅS» som sier at «I fiskeområda har fiske prioritet, jamfør PBL § 11-11 nr. 3. Føremålet dekker også område for låssettingsplassar». Vi anbefaler at denne bestemmelsen suppleres med følgende «I fiskeområdene er det ikke tillatt med tiltak som hindrer eller er til ulykke for fiske, medregnet kabler, rør, flytebrygger, plassering av anlegg, fortøyningsinnretninger og dumping».		Bestemmelsene er oppdatert slik at den delvis imøtekommmer merknaden. Tas delvis til følge.
FDIR 7	§ 5.8 «Akvakultur – AKV» sies det at «Følgjande område er sett av til oppdrett av alle artar, jf. PBL § 11-11, pkt. 7...» og «Følgjande område er sett av til oppdrett av tang/tare og/eller tunikatar jf. PBL § 11-11, pkt. 7...». Vi anbefaler at ordet «oppdrett» byttes ut med «akvakultur», da sistnevnte har en videre betydning og blant annet også		Bestemmelsene er revidert. Tas til følge.

	omfatter dyrking av tang, tare og tunikater.		
FDIR 8	<p>5.8, bokstav c) at «For oppdrett av tare og tunikat er det tillate med sesongvis vekselbruk, jf. PBL § 11- 11, pkt. 7». Vi mener at pbl. ikke kan styre og hjemle dette. Pbl. § 11-11 nr. 7 hjemler planbestemmelser om hvilke artsgrupper eller andre arter av akvakultur som enkeltvis eller i kombinasjon kan etableres». I utgangspunktet er flere arter på samme lokalitet ikke er tillatt, og innehaver må ha tillatelse for hver art. Det er krav om å søke Fiskeridirektoratet om dispensasjon fra forbudet mot å holde flere arter på samme lokalitet.</p>		<p>Bestemmelsene er revidert, og dette er fjernet.</p> <p>Tas til følge.</p>
FDIR 9	<p>Bestemmelsen i bokstav d) fremstår som noe uklar, og vi er usikker på om det er et gjennomførbart vilkår. Hva som menes med «... kan berre to anlegg etablerast og drivast samstundes» er usikkert. Tenker man da på å få/ha akvakulturtillatelse, eller kan alle tre ha akvakulturtillatelse, men med vilkår om at det til enhver tid kun kan være drift på to av lokalitetene? Det siste vurderer vi som vanskelig å gjennomføre i praksis.</p>		<p>Med dette menes at bare kan være drift på to av lokalitetene samtidig. Det kan dermed ikke gis tillatelse til mer enn to anlegg samtidig. Vi mener at begrepet drives tyder at man må ha tillatelse fra myndighetene. Kommunen kan ikke regulere hvor det gis tillatelse.</p> <p>Tas til orientering</p>

FDIR 10	Videre sies det i siste setning i retningslinjer til § 5.8 at »... samla utbygging vil krevje ny vurdering og godkjenning frå Kystverket». Vi er usikre på hva som er ment med dette og om det er nødvendig å ta med i det hele tatt, da alle akvakulturlokaliseter uansett krever tillatelse fra Kystverket		Tas ikke til følge.
FDIR 11	I § 5.9 «Kombinert føremål knytt til akvakultur – VK» er bokstav a) en gjentagelse av det som allerede er sagt i første setning, og kan med fordel tas ut.		Bestemmelsene er revidert. Tas til følge
